



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

N V E

P. Ashii

U

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Pressemelding

14. januar 1999

Org.nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

0827 10 14156

Statnett SF får konsesjon for 420 kV nettførsterking mellom Skåreheia og Holen kraftstasjon

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gjeve Statnett SF konsesjon for å bygge og drive ein om lag 102 km lang 420 kV kraftleidning mellom Skåreheia i Birkenes kommune og Holen kraftstasjon i Bykle kommune. Leidningen vil bli knytt til den nye 420 kV kraftleidningen mellom Kristiansand transformatorstasjon i Vennesla kommune og Skåreheia.

Kraftleidningen går gjennom Birkenes, Froland, Åmli, Bygland, Valle og Bykle kommunar i Aust-Agder fylke.

NVE har ut frå ei samla samfunnsmessig vurdering funne det riktig å forsterke forsyninga til Kristiansandsområdet og tilknytingspunktta for dei nye kablane til kontinentet, ved å bygge ei ny nord-sør overføring mellom Skåreheia og Holen kraftstasjon. Vurderte alternative løysingar kan ikkje tilrådest p.g.a. høge kostnader og krava til fleksibilitet med omsyn til drift og utnytting av dei tre planlagde overføringane til Tyskland og Nederland og det norske kraftsystemet.

Løysinga inneber etter NVE si vurdering at ein har funne gode traséløysingar mellom Skåreheia i Birkenes kommune og Holen kraftstasjon. Omsynet til omgjevnaden er mellom anna ivareteke gjennom dei fastsette vilkåra for konsesjonen. NVE meiner difor at løysinga samfunnsmessig sett har akseptable miljøverknader.

For meir informasjon, kontakt:

Vassdrags- og energidirektør Erling Diesen, tlf. 905 51 075

Avdelingsdirektør Kristian Løkke, tlf. 911 31 853

Seksjonssjef Arne Olsen, tlf. 911 14 898